

SØKNAD OM FRÅDELING AV TOMTEAREAL PÅ IO, GNR. 49 BNR. 12 DISPENSASJON

I samsvar med pbl. § 20.1 vert det søkt om frådeling av eit tomteareal til eksisterande bustadhus på gnr. 49 bnr.12. Bustadhuset var tidlegare våningshus på bnr. 12, men er no overteke av dotter til eigar av hovedbruket (bnr.12). Eigar av hovudbruket har etablert seg i eit ombygd hus med kaianlegg i Seljevika, slik at dette no fungerer som våningshus på bnr. 12.

I samsvar med pbl. §19-2 vert det søkt om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel (LNF område), og frå forbudet mot tiltak i strandområde, pbl. §1-8

Grunngeving for dispensasjon

Det omsøkte tomtearealet inngår i dag nærmast som del av eit lite bustadfelt, med opparbeid hageanlegg kring det eksisterande bustadhuset. Det er ikkje ordinær gardsdrift på hovedbruket (bnr. 12), men naboar haustar det beste av innmarka. Slik situasjonen på bruket er no vil den beste løysinga vere at det omsøkte tomtearealet får eigen matrikkel og kan overskjøytast til dotter, og at huset ved sjøen vert våningshuset på bnr. 12, jfr. gardskart 1256-49/12(markslag).

Det omsøkte tomtearealet grensar ikkje til sjøen, men mot ei bratt skråning vest for strandområdet. Tomtearealet framstår i dag som eit opparbeidd hageanlegg til eksisterande bustadhus. Frådeling av arealet vil ikkje ha innverknad på bruken av og aktivitetar i strandområde.

Veg, vatn, avløp

Bustadhuset på det omsøkte tomtearealet vart byggemeldt og godkjent i Meland kommune 25.06.70, sak 80/1970, og bygd i 1971.Omsøkt frådeling av tomteareal vil ikkje endra på tilhøva med omsyn til tilkomst, vassforsyning og avløp slik det er i dag. Tilkomst er frå privat fellesveg. Vatn frå off. vassverk og avløp med leidning over hovudbruket via slamavskiller til sjøen. Rett til bruk av fellesvegen, samt rett til å ha leidningar for vatn og avløp over hovudbruket (bnr. 12) vil formelt verta ordna ved overskjøyting av det omsøkte tomtearealet.

IO, 29.09.2016

Björn Oae Törn